

28-June-2016

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
27. 06. 2016	
16/2056	Lindås
Lindås	Kvernhusvika

Jorun Borge
Eidavegen 207
5993 Ostereidet
tlf. 95251995. E post jor-borg@online.no

Lindås Kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Eknes 25.06.2016

Kommentar til nabovarsel på gbnr. 238/26.

Eg ser at det er gjeve dispensasjon til å setta opp eit uthus i 100 meters beltet, og at det då skal verta meir tilgjengeleg for almennheten. Eg har vore eigar av gbnr. 238/3 i ca. 25 år, og har kjennskap til Eknes sidan 1959. Før det vart sett opp hagebenker og bord, drivhus + diverse. Var strandlinja brukt til bading, soling og ikkje minst fiske med stang. Men etter at det kom drihus er det ingen som går ned der.

Det uthuset det er søkt om, ber meir preg av ei hytte enn uthus.

Me har eit tilsvarande tillfelle her i nærheita, der det var gitt løyve til uthus til eit eksisterande hus. Det som kort fortalt skjedde, er at tomten vart delt og det som skulle vera uthus er i dag 34 år etter brukt til heilårsbolig med innlagt kommunalt vann og renseanlegg.

Når det er snakk om funksjonell strandsone er det ikkje så mykje att, og det er feil å seia at den ikkje er samanhengande. Det er faktisk ein del av den lengste tilgjengelege samanhengande strandlinja her i området. Ein kan starta på østsida av den kommunale badeplassen, vidare rundt neset på vestsida til Naustvika og det er enkelt laga tilkomst til Meierneset, og den delen som er igjen vestom Meierneset har vore avsperra sidan ca. 1933.

I Naustvika er det i dag fem naust og tre av dei har vore der frå ein gang på 1800 talet. Men før det vart rydda og lagt til rette for bading i Kvernhusvika på byrginga 1990 talet, då var det Naustvika som helst blei brukt til bading og soling, så dei nausta som er der virkar ikkje så privatiserte som ein bygning med vindu, og med hageplanter, bord og benker. Den delen av Meierneset som tilhøyrer gbnr. 238/26 er det lite jord på, så dei trea som står der er gamle. og det er feil å kalle det kulturlandskap, det har aldri vert slåtteland på området som tilhøyrer tomten, men på området som ligg på østsida var det slåtteland.

Det burde ikkje vert gjeve dispesasjon til å bygga på dette området, det kan snart verta forliten plass til friluftsliv i strandsona.

Den fyrste varme helga no i sommar var det sett ny rekord med folk i Kvernhusvika, og det ser ut til å koma stadig fleire. Folketalet aukar her på Eknes, samtidig så kjem det tilreisande frå andre deler av Kommunen.

Så eg håpar at dei som har med denne saka i Kommunen tenkjer seg godt om, og ikkje gjev løyve som kan verta til ulempe for ettertida.

Med helsing fra

Jorun Borge
